

## Fagnettverk for begynnaropplæring 1.-4.trinn våren 2026

**Stad:** Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. **Rom:** STA 02-02 i 2.etg i Stadionbygget (i etasjen over kaffibaren) Sjå kart her: [Stadionbygget 02-02, Stadionbygget, Campus Sogndal - MazeMap](#)

**Tidspunkt:** Onsdag 6.mai 2026 kl 09.00-15.00

**Målgruppe:** Hovudsakleg lærarar på 1.-4.trinn

**Lunsj:** Enkel lunsj er inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

**Deltakaravgift:** Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Me er glade for å invitere til ny samling for begynnaropplæring! Takk for gode tilbakemeldingar på innhaldet og organiseringa frå dei to samlingane i fjor. Både nye og gamle deltakarar er velkomne!

### **Program:**

09.00- 09.15: Velkommen! Informasjon om dagen og tilbakeblikk til førre samling v/ Edwin Hjelmhaug.

09.15- 09.45: Lesing, Tid for lesing og ressursar me har laga. Digitalt innlegg ved **Monica Gundersen Mitchell, Nasjonalt lesesenter.**

09.45- 10.00: Pause og mingling.

10.00- 11.30: «Praktisk og meningsfull matematikk i begynnaropplæringa» - Verkstad med **Anne Hjørnevig Nakken, Matematikksenteret.**

I denne verkstaden ser me på korleis praktiske og varierte arbeidsmåtar kan bidra til djupare forståing i matematikk. Gjennom konkrete oppgåver og leikande aktivitetar får deltakarane prøve ut undervisningsopplegg som kan brukast direkte i klasserommet. Saman reflekterer me over korleis undervisninga kan støtte både utviklinga av rekneferdigheiter og elevane si nysgjerrigheit og utforskartrøng, samtidig som den opnar for at elevar kan resonnerer, forklare, argumentere og samtale om matematikk.

11.30- 12.15: Enkel lunsj i HVL-kantina.

12.15- 14.45: Verkstaden held fram.

14.45- 15.00: Oppsummering av dagen. Kva tek me med oss vidare? Evaluering.

Det vert lagt inn pausar mellom lunsj og avslutning.

**NB! Det er viktig at deltakarane er med heile dagen frå kl 9.00-15.00!**



Foto: Lesesenteret



Foto: NTNU

**Anne Hjørnevåg Nakken** jobbar ved Dronning Mauds Minne Høgskole (DMMH) og Matematikksenteret (NTNU). Ho er utdanna sivilingeniør og har i tillegg lektorutdanning i matematikk og engelsk. Gjennom yrkeslivet har ho undervist i matematikk på fleire nivå – frå barnehage og 1. trinn til vidaregåande skule.

I dag jobbar ho med utdanning av barnehagelærarar og utviklar undervisningsressursar retta mot barnehage og grunnskule. Anne har delteke i ei rekke forskings- og kompetanseutviklingsprosjekt i inn- og utland.

Ho har også skreive lærebok, bidrege i utviklinga av styringsdokument for barnehage og skule, og arbeida tett saman med barn, elevar og lærarar. Anne er særleg oppteken av samanhengen mellom barnehage og skule, og brenn for at barn skal få behalde og vidareutvikle si matematikkglede gjennom heile utdanningsløpet.

### **Verkstad: Praktisk og meningsfull matematikk i begynnaropplæringa**

Korleis kan me legge til rette for matematikkundervisning der fleire elevar får tenke, prøve ut idear og snakke saman om matematikk?

I denne verkstaden ser me på korleis praktiske og varierte arbeidsmåtar kan bidra til djupare forståing i matematikk. Gjennom konkrete oppgåver og leikande aktivitetar får deltakarane prøve ut undervisningsopplegg som kan brukast direkte i klasserommet. Saman reflekterer me over korleis undervisninga kan støtte både utvikling av rekneferdigheiter og elevane si nysgjerrigheit og utforskartrong, samtidig som den opnar for at elevar kan resonnerer, forklare, argumentere og samtale om matematikk.

Det vert særleg lagt vekt på korleis matematiske samtalar kan bidra til at fleire elevar engasjerer seg i faget, og korleis elevane sine ulike strategiar og tankar kan bli ein viktig del av læringsarbeidet.

I verkstaden jobbar me med ulike representasjonar – som konkretar, teikningar, symbol og munnleg språk – fordi dette er sentralt for å utvikle ei brei omgrepsforståing. Me ser på korleis rekneferdigheiter, omgrepsforståing og problemløysing kan utviklast i samspel med kvarandre, i tråd med kjerneelementa i læreplanen.

Gjennom døme frå tal, måling og geometri ser me på korleis matematikk kan opplevast som meningsfull, engasjerande og noko elevane kan forstå og meistre.

**Påmeldingsfrist: 22.april kl 23. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet.**

Nettverksansvarleg:

Gaupne skule v/ Edwin Hjelmhaug [edwin.hjelmhaug@luster.kommune.no](mailto:edwin.hjelmhaug@luster.kommune.no) Tlf: 97 09 85 90.

Ved praktiske spørsmål kan de ta kontakt med programleiar [ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no](mailto:ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no) eller på tlf 48 25 03 06.

Beste helsing frå

*Edwin Hjelmhaug*  
Nettverksansvarleg

*Ingrid Steine Bortne*  
Programleiar barnehage- og skuleutvikling